



MYKLEBUST VERFT AS  
Gurskevegen 68  
6082 GURSKEN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kristin Eide, 71 25 84 33

## Tilsyn ved Myklebust verft AS - Sande kommune - inspeksjonsrapport 2026.016.I.SFMR

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn hos Myklebust verft AS (org.nr. 983 145 310), den 21. april 2026.

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

#### Statsforvaltaren fann 2 avvik som de må rette snarast

- Avvik 1: Måleprogrammet har manglar
- Avvik 2: Verftet har ikkje ein godkjent Avfallsplan i hamn

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Verksemda må snarast rette opp avvik. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta **innan 15. juni 2026**.

#### De må betale gebyr

Verftet må betale eit gebyr på 43 100 kr for tilsynet.

#### Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfmr@statsforvalteren.no](mailto:sfmr@statsforvalteren.no) ved tilsynsleiar Kristin Eide, og merkar e-posten med saksnummer 2013/7044.



## Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

### Avvik 1: Måleprogrammet har manglar

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Forureiningsforskrifta

§ 29-6 *Utslipp til vann*

§ 29-9 *Måling og beregning av utslipp*

Internkontrollforskriften § 5 pkt. 7 *om å iverksette rutiner*

Om krava

Utslepp av prioriterte stoff til vatn skal avgrensast mest mogleg.

Verksemda skal iverksette eit måleprogram for kontrollmåling av utslepp til luft, vatn og støy som skal inngå i bedrifta sin dokumenterte internkontroll. Formålet med målingane er å dokumentere at gitte krav blir overhaldne.

Virksomheten skal iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av HMS-lovgivningen.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda har ei 170 meter lang dokk der spylevatnet blir samla opp, og pumpa til reinseløysing. Oppsamla spylevatn går først til sedimentasjonstankar og deretter til filteranlegg. Etter filtrering går spylevatnet til utsleppspunkt i sjø.

Myklebust Verft AS har eit måleprogram med tilhøyrande prosedyre. Måleprogrammet manglar følgande:

- Måleresultat blir samanstillt med rettleiande verdiar (M-487), men utan at verftet har avklart om de har tilnærma same vassforbruk som for rettleiande verdiar. For å ha kontroll på kva verftet slepp ut til sjøen må mengda vatn som blir samla opp haldast saman med spylevassforbruket, og måleresultata ev. korrigrast.
- Måleprogrammet har lenke til *Prosedyre for drift, kontroll og vedlikehald av rensanlegg dokk*, og i prosedyren går det ikkje fram ei anbefalt tid for sedimentasjon i tankane. Ved tilsynet vart 72 timar oppgitt munnleg som ei anbefalt tid, men det vart også påpeika at dette er avhengig av antatt innhald i vaskevatnet.
- I *Prosedyre for reingjering av skipsbotn* står «Rur, skjel og groe som medfører miljørisiko og ikkje går i reinseanlegget skal samlast opp og leverast til deponi. Rur, skjel og groe som er vurdert å ikkje medføre miljørisiko går direkte til sjø». Rur mm. skal ikkje leverast til deponi, men leverast godkjent mottak av avfall. De opplyser på tilsynet at praksis er å levere all oppsamla rur, skjel og groe til godkjent mottak, og denne praksisen må også ga fram av prosedyren.

### Avvik 2: Verftet har ikkje ein godkjent Avfallsplan i hamn

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Forureiningsforskrifta § 20-6 *Avfallsplaner og rapportering*



### Om krava

*Avfallsplanen skal evalueres og oversendes statsforvalteren for ny godkjenning minst hvert femte år og ved vesentlige endringer i driften av havnen. Godkjenningen gjelder i fem år fra den dato statsforvalteren godkjente planen. Planer godkjent før 1. oktober 2023 skal gjelde i fem år fra den dato statsforvalteren godkjente planen. Ved ny godkjenning må utkast til avfallsplan sendes statsforvalteren senest tre måneder før gjeldende avfallsplan utløper.*

### Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Avfallsplan i hamn er ikkje evaluert og sendt til godkjenning innan tidsfristen gitt i forskrift.

### **Vedtak om gebyr**

Statsforvaltaren vedtar at verksemda må betale eit gebyr på 43 100 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr dato og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### **De har rett til å klage på gebyret**

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ei klage bør vere grunngjeven skriftleg og bli sendt Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## **Del 3: Informasjon om tilsynet**

### **Gjennomføring av tilsynet**

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Kristin Eide
- Vigdis Johnsen

Frå verksemda deltok:

- Lars B. Lødøen – HSEQ-manager
- Ida B. Storaker – HR- og organisasjonssjef
- Ståle Refsnes – logistikkoordinator
- Leiv Sindre Muren – dagleg leiar

### **Tema**

- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- støy
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- kjemikaliehandtering



### Regelverk

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta kap. 29
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrollova

### De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må bli sendt til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

### Rapporten er offentlig

Denne rapporten vil vere offentlig tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentliglova.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Kristin Eide  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Sande kommune

Rønnebergplassen 17

6084

LARSNES